


Adressat

Melding om oppstart av planarbeid i Surnadal kommune, 20220003 detaljregulering; Utviding av næringsareal for Bøfjorden Sag AS.

Med heimel i plan- og bygningslova §12-8, melder vi oppstart av arbeidet med detaljregulering for næringsareal i Bøfjorden. 3Dsmia ved Åse Bergset skal utarbeide planen på vegne av Bøfjorden Sag AS som er forslagstillar.

Planen skal omhandle nærområdet kring Bøfjorden Sag AS. Førebels plangrense er grovt sett lagt langs Bølandsvegen, Settemselva og fjorden, og dekkar eit areal på ca 46 mål, sjå figurar under.



Figurane over viser planområdet i Bøfjorden. (Kjelde: www.geoinsyn.no og gislink.no)

Målet med planen er å utvide næringsarealet for å betre intern logistikk, og å auke lagringskapasiteten på området til sagbruket. Dette vil ein oppnå ved å fylle ut og strukturere strandlinja mot sør, og å bygge lager og kontorbygg nord for dagens næringsareal. Settemselva har endra løp siste åra, og forslagstillar ønskjer å forsterke elvekanten, -og å utvide bruksarealet litt mot elvekanten slik at store bilar kan manøvrere hensiktsmessig inne på området.

Arealet er ikkje regulert tidlegare, men er i hovudsak vist som *Næringsbygg* i kommuneplanen sin arealdel. Utvidinga mot nord er vist som *Bustadar*, og elvekanten er *LNF* i kommuneplanen, (sjå planinitiativ).

Oppstartmøtet var arrangert på kommunehuset i Surnadal 13. september 2022, og kopi av planinitiativet og møtereferat er lagt ut på <https://www.surnadal.kommune.no/kunngjering-hoyring/>. Kommunen er positiv til planen, men føreset at planen ikkje medfører inngrep i utløpet til Settemselva, og at ein fokuserer på mellom anna støyproblematikk, trafikkforhold, grunnforhold i fjorden og naturmangfald langs Settemselva i planarbeidet. Kommunen og forslagstillar er enige om at

reguleringsplanen samsvarer godt med overordna plan (kommuneplan), og at planen ikkje utløyer krav om KU eller planprogram.

Plangrensa i dette varselet er litt utvida (mot sør, nord og vest) i forhold til grensa i planinitiativet, sidan vi er litt usikre på kvar det vert behov for frisiktsoner, og utstrekninga av fyllinga i fjorden, og sikringstiltaka på elvekanten.

Dette skrivet blir sendt til aktuelle offentlege etatar, berørte grunneigarar og relevante lag og foreiningar. I tillegg vil oppstart av planarbeidet bli annonsert i avisa Driva, og planarbeidet blir annonsert på Surnadal kommune si heimeside. Der kan du også finne oversikt over kven som er varsla.

Spørsmål eller innspel til planarbeidet kan rettast til Åse Bergset på e-post: post@3dsmia.no

Frist for å kome med innspel er 23. desember 2022.

Valsøybotn, 28. november 2022

Med venleg helsing,



Åse Bergset

3Dsmia